


HELsing FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



*«Å LESE BIBELEN SAMAN»
5.klassingane i Vik sokn
fekk sin eigen Bibel
Vik kyrkje 31.januar*



ÅRGANG 69

NR. **01** FEBRIAR 2016

Sjå vi går opp til Jerusalem

«**Se vi går opp til Jerusalem** i hellige fastetider og ser hvordan Jesus, Guds egen sønn, i stedet for syndere lider». Slik heiter det i fastesalma som vi syng no i fastetida. I århundre, ja heilt sidan kong David grunnla Jerusalem for tre tusen år sidan har menneske valfarta til denne byen. Jødane reiste opp til byen på fjellet ved dei store høgtidene. Når dei såg byen med Salomo sitt tempel så kunne dei stemme i prosesjonssalma som vi finn i Salme 121: «Eg lyfter mine augo opp til fjella, kvar skal mi hjelp kome frå». I Salomos tempel hadde Gud lova sitt nærvær. Her var staden for klage og bøn, lovsong og takk. Her var staden for å minnast det Gud hadde gjort i jødefolket si historie. Sjå vi går opp til Jerusalem. Jesus saman med læresveinane skulle vere ein del av det store fylgjet som no nærma seg Jerusalem for å feire påske. I fastetida kan vi også ta del i dette fylgjet. Vi kan ikkje gjere det i bokstaveleg forstand, men vi kan gjere det i tanke og førestelling.

Sjå vi går opp til Jerusalem. Vi går gjennom traktene ved Jeriko som ligg djupare enn nokon by i verda. Og her aller djupast nede talar Jesus om det som skulle skje denne påskehelga: «han skal gjevast over til heidningane og bli spotta og mishandla og spytta på. Og dei skal piska han og slå han i hel». Jesus skulle sjølv gå gjennom den djupaste dal, noko læresveinane ikkje forstod. I Jesus såg dei han som skulle kome med ære og makt og innta Davids kongetrone. Jesus såg sitt liv i lys av profeten Jesaias sine ord om Guds lidande tenar. Ein tenar som andre vende seg bort frå. Ein tenar som skulle bli sundbroten og såra for andre si skuld.

Sjå vi går opp til Jerusalem. På vegen er det eit menneske ved vegkanten. Ropet blir bare sterkare og sterkare: «Kyrie eleison. Herre

miskunne deg». Der på vegen mot si liding har Jesus auge og øyre for ein naudlidande. Den blinde Bartimeus får sine auge opna både i bokstaveleg og overført tyding. Bartimeus vert sjåande og han skjønar meir om kven Jesus var enn læresveinane som hadde følgd han på nært hald i tre år. –« Kyrie eleison», det er hjarta sitt bønerop. Bartimeus sitt rop har gjort så sterkt inntrykk at det er blitt ståande i si greske form for alltid. Så lenge det har vore kyrkje på jord så har menneske samla seg om dette ropet. Det står der som det sentrale leddet i vår gudsteneste. Uansett ny liturgi og gudstenestereformer,» «Kyrie eleison» vil bli ståande.

Sjå vi går opp til Jerusalem. Det kan hende at det lyde eit «Kyrie eleison» også ved vår vegkant. I alle fall kjem det til oss i fastetida gjennom konfirmantane sine fastebøsser. Vi får høve til å gje vårt til flyktningen, den fattige, undertrykte og lidande: Profeten Jesaia seier det slik: «Så er den faste eg vil ha: at du løyser dei som med urett er bunden, at du deler ditt brød med den som svelt, og let heimlause stakkarar koma i hus, at du kler den nakne du ser, og ikkje sviktar dine eigne.» Jes 58, 6- 7.

Sjå vi går opp til Jerusalem. Læresveinane forstod ikkje noko av Jesu ord om liding, kross og død. Seinare skulle det demre for dei. Det handla om noko djupare og meir omfattande enn ære og makt. Ein japansk kunstnar uttrykker det slik i eit maleri: Omgjeve av grelle fargar ser vi ein kross, ei tornekrone og naglar. Ved fyrste augnekast er noko vi ikkje ser. Men ved nærare ettersyn har kunstnaren i meir diffuse fargar forma eit hjarta mitt i krossen. Midt i lidinga ser vi det innerste i Gud, Guds hjartelag. Vi dreg opp til Jerusalem for å vere der kor Guds hjarte slår.
Ole Agnar Helland.



Feios kyrkje 150 år

(1866 – 2016)

Jubileumsfeiring Feios kyrkje søndag 28.august kl.11.00

Etter gudstenesta er det festsamvær i Feios ungdomshus. Der vil det verta underhaldning og høve til å komma med helsingar.

Jubileumsbok Rinde kyrkjestad - Feios kyrkje 150 år i 2016

Jan Magne Rinde er prosjektansvarleg. Han har arbeidd med å samle stoff til boka sidan 2013.

Ei jubileumsbok er planlagt med historikk over kyrkjene og kyrkjekunsten som har vore i Feios. I boka vil det bli ein presentasjon av skikk og bruk knytt til kyrkjelege høgtidsdagar som dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd.

Dette prosjektet er til no støtta med økonomiske midlar frå Vik kommune, Vik Lokalhistoriske arkiv, Vik Sparebank, Feios bygdelag, OVF Bjørgvin bispedøme og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Fresvik bygdelag, Fresvik Produk m.fl. Takk til alle bidragsytarar!

Prosjektet er likevel ikkje økonomisk fullfinansiert. Det er høve til å gje gåver til prosjektet, om nokon ynskjer å bidra med det. Prosjektet er i regi av Feios sokneråd, der ei prosjektgruppe har medlemmer frå soknerådet og bygdefolket.

Marianne Hove Harbakk, 6895 Feios er kasserar. Kontonummer er 3800 15 67 834.

Jubileumskonsert

***Laurdag 29. oktober**
vil det og verta arrangert jubileumskonsert i Feios kyrkje kl. 18.00.

Velkommen, Biskop Halvor Nordhaug

Mange i Vik ventar på vitjing av biskopen vår. I haust kom meldinga om at du ville koma første veka i mars saman med kyrkjefagsjef og prost. Velkomne skal de vera!

Godt kjennest det å verta sett. Og godt vil det gjera når de kjem for å vera hjå oss nokre dagar. Vi veit at biskop tyder «tilsynsmann». Du kjem, biskop, for å sjå oss. Vi har lese kyrkja sitt føremål med bispevisitas: «å støtta, inspirera og rettleia kyrkjelydar og tilsette, og gjera kyrkja sitt nærvær synleg i lokalsamfunnet.»

Visitasmeldinga som vi har skrive, meiner vi viser at kyrkja er sterkt til stades i vårt stabile lokalsamfunn. Det gjeld både som tradisjon og som levande trus-fellesskap. Men så treng vi støtte, inspirasjon og rettleiing på vår vandring inn i komande år. Framtida veit vi byr på utfordringar og truleg krevjande landskap. I Vik er vi overtydde om at kyrkja vil og bør vera eit viktig rom i vårt lokalsamfunn framover.

Vi fylgjer med på sosiale medier. Der har vi lest din sjølvpresentasjon på twitter.com/halvorpraten. Du skriv: «Jeg er biskop i Den norske kirke, Bjørgvin bispedømme. Jeg vil forkynne troen på Den treenige Gud og bevege mennesker inn i kirkens rom. Der er det godt å være.»

I Vik har vi ikkje mindre enn 7 kyrkjerom bygningsmessig sett. Alle er i bruk. Ei av desse kyrkjene – Feios kyrkje – er i år 150 år. Det



skal feirast sundag 28.august. Vårt jubileumsopplegg viser at kyrkja og den kristne trua er ein levande organisme i bygdene våre.

Vik kyrkje har ein bispestav som ventar på å verta brukt. Den står ved ei søyle til høgre for altaret. I mars ynskjer vi at du skal ta den i handa. Vårt ynskje er at du skal leia oss i å «bevege» menneske inn i kyrkja sitt rom, der det er godt å vera.

På vegne av sokneråda og tilsette i Vik i Sogn.

Jostein Skutlaberg
Sokneprest



DEN NORSKE KYRKJA

Vik

Visitasmelding 2002 - 2015



**Visitasmelding for Arnafjord, Vik, Vangsnes, Feios og Fresvik sokn
ved bispevisitas 2.-6. mars 2016**

1. Program for bispevisitas i Vik

2. – 4. og 6. mars 2016

ONSDAG 2. MARS

11.30 – 14.00	Kyrkjestova	Møte med prestane i Sogn prosti.
14.15 – 16.00	Kyrkjestova	Møte med dei tilsette i Vik
18.30		Vangsnes skule.
		Medarbeidarfest
21.00		Vangsnes kyrkje. Kveldsbøn,

TORSDAG 3. MARS

09.00 – 09.45	Arnafjord kyrkje	Skule- og/familiegudsteneste
10.30 – 12.30	Kyrkjestova	Samtale med dei tre prestane i Vik
10.30 – 12.30	Vik kyrkjekontor	Kontorvisitas ved kyrkjefagsjef
13.00 – 14.00	Blixhalli	Møte med elevane i ungdomskulane i Vik og Feios
14.30 – 15.30	Kyrkjestova	Møte med lærarane i kommunen
18.00 – 18.30	Kyrkjestova	Møte med rådsleiarane
18.30 – 21.00	Kyrkjestova	Møte med sokneråda og dei tilsette

FREDAG 4. MARS

09.00 – 09.45	Feios kyrkje	Skule- og familiegudsteneste,
10.20	Fresvik kyrkje	Kort besøk
10.45 – 11.15	Bygdeheimen i Fresvik	Andakt ved biskopen
12.00 – 14.00	Vik fengsel	Omvising og møte med leiinga
14.15 – 15.15	Kommunehuset	Møte med leiinga i Vik kommune
15.15 – 16.00	Kyrkjekontoret	Oppsummering
18.00 – 20.30	Vik skisenter	VM-kveld med biskopen.
Omvising på skianlegget i samband med trening i skiskyttargruppa.		
Møte med kulturlivet, idretten, kommunen og næringslivet, med fokus på folkekyrkja og det gode samarbeidet mellom lokalsamfunn og kyrkja.		

SUNDAG 6. MARS

10.00	Vik kyrkje	Visitasgudsteneste og visitasmøte
		Prosjektkor og KorBrrra

Etter gudsteneste og visitasmøte vert det kyrkjelunsj for alle i Kyrkjelydsstova. Programmet er slutt før jaktstarten byrjar i Holmenkollen.

Alle er velkomne til arrangementa.

2. Kort historisk riss sidan førre visitas

2.1 Førre bispevisitas i Vik var 26.november – 1.desember 2002. Den var ved biskop Ole D. Hagesæter. Visitasen omfatta alle 5 sokna i Vik. Sokneprest for Arnafjord, Vik og Vangsnes sokn var då Helge Helgesen. Han førde i pennen visitasmeldinga for Arnafjord, Vik og Vangsnes. Olav Martin Hove var prostiprest i halv stilling i Ytre Sogn prosti med hovudansvar for Feios sokn og Fresvik sokn. Han førde i pennen visitasmeldinga for desse to sokna. Kyrkjevevja hadde sin eigen rapport som låg som vedlegg. Vi viser til desse visitasmeldingane og til biskopens visitasrapport.

2.2 GENERELT

2.2.1 Tenesteområde for prestene

Alle dei 5 sokna i Vik kommune har sidan sist visitas hatt felles administrasjon gjennom Kyrkjekontoret i Vik og Vik Kyrkjelege Fellesråd. Feios og Fresvik vart overførde frå Leikanger kommune til Vik kommune 01.01.1992.

Vik tenesteområde har omfatta dei 3 sokna: Arnafjord, Vik og Vangsnes. Dei har hatt sin eigen sokneprest i 100 % stilling. I denne stillinga har desse gjort teneste: Helge Helgesen (2000-2007), Ole Agnar Helland (1/1 2007-sept 2007), Ragnhild (gift Stranden) Fasselund (sept 2007-sommar 2012), Jostein Skutlaberg (1/9 2013 -). I om lag eitt år med vakanse hadde Kjell Nese presteansvaret. I perioden sommar 2012 – august 2013 sto prestestillinga i Vik ledig og mange vikarar gjorde teneste. Feios sokn og Fresvik sokn vart overførde til Vik 01.08.1999. Olav Martin Hove var prostiprest/

sokneprest Feios og Fresvik frå 1/8 1999 – 30/8 2007. Ole Agnar Helland gjorde teneste i denne stillinga 1/9 2007 – 1/9 2008. Frå 1/9 2008 til 31/7 2014 hadde sokneprest i Balestrand Audun Systad ansvaret for dei to sokna. I 2014 tok prost Kjetil Netland - etter samtale med Audun Systad og Jostein Skutlaberg – initiativ til omorganisering av prestetenesta i Vik. Som ei prøveordning vart Jostein Skutlaberg sokneprest for alle 5 sokna i Vik kommune frå 1/8 - 2014. Audun Systad gjorde frå same dato teneste i heile Vik tilsvarende den stillings-prosenten han hadde hatt i Feios og Fresvik. Frå hausten 2015 flytte Audun Systad til ny teneste i Hyllestad. Og tidlegare sokneprest i Hyllestad Ole Agnar Helland flytte til Vik som seniorprest i 40% stilling. Vik prestegjeld omfattar no alle dei 5 sokna i Vik kommune med ein presteressurs på 140% fordelt på sokneprest i 100% og seniorprest i 40%. Denne ordninga fungerer godt. Identiske prestegjelds- og fellesråds grenser er naturleg, praktisk og strategisk måte å organisera på.

2.2.2 Prostiregulering.

Frå 2014 høyrer Vik til Sogn prosti. Ytre Sogn prosti vart nedlagt og gjekk inn i omliggjande prosti. Indre Sogn prosti fekk etter ein høyringsprosess namnet Sogn prosti. Vi er no sterkare knytt til Indre Sogn enn før.

2.2.3 Framtidig kommuneregulering?


Samanslåing av kommunar vert diskutert. Konkretisering og avgjerd er gjerne ikkje så langt unna. Det vil krevja store omstillingar også for kyrkja si

organisering og arbeid i våre bygder. Kampen om løyvingar kan m.a. verta hard uansett resultat.

Men ei slik omorganisering kan tvinga oss til nye måtar å tenkja på som er framtidsretta.

3. TILHØVA I SOKNA

3.1 Folketalet



Folketalet i Vik kommune har hatt ein liten årleg nedgang i heile perioden frå 2002 – 2015. Samla nedgang i folketalet i dette tidsrommet er 237 personar.

Største nedgang kom 2012- 2014 med 60.

Folketalet i Vik kommune var pr. 31.12. 2001: **2915**

Folketalet i Vik kommune var pr. 31.12. 2015: **2678**

I Fresvik sokn bur 204 personar. Ein nedgang på 33 frå 2007.

I Feios sokn bur 235 personar. Ein nedgang på 4 frå 2007.

I Vangsnes sokn bur 330 personar. Ein nedgang på 11 personar frå 2007.

I Arnafjord sokn bur 150 personar. Ein nedgang på 20 personar frå 2007.


I Vik sokn bur det 1759 personar. Det er ein nedgang på 89 personar frå 2007.

Fødselsoverskotet er negativt. Dei siste 7 åra med – 83. Netto innvandring er + 135 i same periode. Netto innanlands flytting er – 319.

Målet i Vik er at den negative trenden skal snu.

Om lag 2/3 bur i Vik sokn (65%), og 1/3 bur i dei 4 andre sokna til saman (35%).

3.2 Aldersfordeling



0–5 år utgjer 6,6% og ligg 1% under gjennomsnitt i landet. Vil truleg endra seg lite.

6–19 år utgjer 16,7 % og ligg 0,9% under gjennomsnitt. Vil truleg endra seg lite.

20-66 år utgjer 55,8% og ligg 5,9% under gjennomsnitt. Prognoser peikar nedover.

67-79 år utgjer 11,9% og ligg 3,2% over gjennomsnitt. Prosenten vil auka eller halda seg på om lag same nivå over gjennomsnittet som no.

80 → år utgjer 8,9% og ligg 4,4% over gjennomsnittet. Prosenten ser ut til å bli liggjande på dette nivået eller over.

Statistikken for Vik fortel om ein kommune der menneske over 67 år ligg på ca 21% og der prognosa peikar mot auke. Samstundes minkar det med folk mellom 20-66. Prognosa viser ein negativ

tendens. Innvandring og auka tal på asylsøkjjarar kan verka positivt inn. Om lag 10% av innbyggjartalet i Vik er innflyttarar frå utlandet. 20 nasjonalitetar er representert.

Talet på elevar i barnehage og grunnskule vil i fylgje prognosen ikkje ha den store nedgangen. Talet på eldre som treng helsetenester og institusjonsplass vil auka. Her vil truleg utgifter og trong for arbeidsplassar auka.

3.3 Næringsliv

I Vik - som i fylket i det heile - er det lite oljerelatert aktivitet. Men ein del er pendlarar - også innan oljebransjen. Vi har eit sterkt lokalsamfunn med eit mangfaldig og stabilt næringsliv. Talet på yrkesaktive i Vik ligg på om lag same nivå som i 2000 trass i ein nedgang i folketalet på om lag 250. Lokalsamfunnet kalkulerer med 140 ledige jobbar i løpet av dei neste 3 åra. Dette grunna tilsette som snart vil gå over i pensjonistrekka. Både kommunen

og fylket har trong for arbeidskraft framover. I Vik er det om lag 1,1 % arbeidsledige. I fylket er det om lag 2%, mot 5% på landsbasis.

Av bedrifter i Vik kommune kan vi nevne: **Fresvik produkt** (kjøle- og fryseelement), **Linn bad** (produksjon av baderoms- og vaskeromsmøbler), **Vik- Ørsta** (produksjon av vegsikringsutstyr i stål), **Petal** (produksjon av fasadeplater), **Sogneprodukt** (stål-arbeid), **Tine - Vik Meieri** (produksjon av gammalost), **Highsoft** (IT-bedrift med hovudkontor i Vik og tilsette og avdelingar internasjonalt), **Statkraft, Sognekraft**, 3 arkitektfirma, **Vik Dampbakeri**, fleire større og mindre entrepenørfirma og bygge-firma, 3 store fellesfjøs og nokre mindre, bær- og fruktdyrking (25% av norsk bringebærproduksjon) og lokale gardsprodukt som «**Vikja**» (kjøt) og «**Alm gard**» (isproduksjon). 118 personar er framleis sysselsette innan jordbruk, skogbruk og fiske. **Vik Fengsel** er ein stor arbeidsplass med opp mot 40 tilsette. Vi har også ei **ASVO-bedrift**. Vik har mange butikkar, og alle dei 4 mindre bygdene har sin lokalbutikk. Skulane og helsetenesta skaper mange arbeidsplassar.

3.4 Kulturverksemd

Vik har eit aktivt og godt idrettsmiljø. Fleire frivillige lag arbeider godt. Vi kan nemna **Vik kvinne- og familielag** (integreringsarbeid), **Vik Røde Kors** (besøksteneste og hjelpekorps).

Vi kan nemne musikk- og kulturarbeid: Vik ungdomslag, Vik Musikklag og Vik Songlag betyr mykje. Der er også skulemusikklag i Vik, Feios og Fresvik. Det er

4H-klubb i Arnafjord, Vik og Fresvik. Bygdelaga i dei mindre sokna er viktige sosialt.

Vik har for tida 5 årlege festivalar: «*Gamalostfestivalen*» i mai (kultur, song, musikk og «Guhaugspelet»), «*Bringebærfestivalen*» (august), «*Fresn*» i Fresvik i juli (musikkfestival for ungdom) og «*Multikulti festival*» i februar (ny av året). Mykje lokalt engasjement og kreativitet vert lagt ned i samband med desse festivalane. Kyrkja er involvert i «Gamalostfestivalen» i samband med konsertar og arr. i kyrkjene.

Mykje dugnadsarbeid vert lagt ned i Vik på mange plan. I kommunen er det lite kriminalitet.

4. RÅD OG TILSETTE

4.1 Sokneråd

Arnafjord sokneråd har 4 medlemmar, Vik sokneråd har 8 medlemmar, Vangsnes sokneråd, Feios sokneråd og Fresvik sokneråd har 6 medlemmar kvar. Sokneprest Jostein Skutlaberg er i kraft av stilling medlem i alle sokneråda med seniorprest Ole Agnar Helland som vara. Medlemmar denne perioden er:

Arnafjord sokneråd:

Leiar: Camilla Zweidorff Hove
Medlem Fellelsråd: Ola Engum
Medlem: Elin Kjølven
Medlem: Endre Nese
1. vara: Else Karin Sætre

Vik sokneråd:

Leiar: Reidunn Bolstad
Medlem Fellelsråd: Ingunn Bjørk Refsdal
Medlem: Inger Anne Opheim Tryti
Medlem: Inger Alise Myrkaskog
Medlem: Brit Eli Vassli
Medlem: Per Olav Geithus
Medlem: Svein Arne Stavedal
Drægni

Medlem: Målfrid Øvstedal Kollsete
1. vara: Brit Karin Brekke

Vangsnes sokneråd:

Leiar: Erlend Hanekam
Medlem: Asbjørn Lidal
Medlem: Elsa Annie Haugnes Fosse
Medlem Fellesråd: Laila Sunde
Medlem: Ola Kvalvik
Medlem: Arnhild Solveig Skjerven
Holen
1. vara: Lillian Tistel

Feios sokneråd:

Leiar: Rune Hjortland
Medlem Fellesråd: Leif Eikeland
Medlem: Vigdis Alise Dvergedal
Sætre
Medlem: Arnstein Berdal
Medlem: Marianne Hove Harbakk
Medlem: Jofrid Tennefoss Helleland
1. vara: Bjarte Rinde Tveit

Fresvik sokneråd:

Leiar: Anita Høydal
Medlem Fellesråd: Nann Ingunn
Simlenes
Medlem: John Bøthun
Medlem: Sigmund Hauglum
Medlem: Dagfinn Flæte
Medlem: Michelle Bøthun
Smedegård
1. vara: Hildegunn Mårstig
Tretteteig

4.2 Fellesråd

Sjå rapport frå kyrkjeverja.

4.3 Tilsette

Sjå rapport frå kyrkjeverja.

5. DET ÅNDELEGE LIVET I KYRKJELYDEN

5.1 Generell vurdering

Det åndelege livet er skapt av Den heilage ande, og det viser seg i livet som ei vandring i Den heilage ande. Åndeleg liv oppstår ved Ordet og dåpssakramentet. Det vert halde ved like ved Ordet og nattverdsakramentet - gudstenestefellesskapet i kyrkja.

5.2 Det kyrkjelege arbeidet

5.2.1 Gudstenester

Lokal grunnordning for sokna i Vik er godkjend av biskopen i Bjørgvin i brev av 12.11.2015. Godkjenninga har som føresetnad at det vert utarbeidd og innsendt fullt utskrivne agenda for prestar og vikarar, som skal liggja på altaret i kvar kyrkje og på kontoret i Vik. Det ligg ein lang lokal prosess attom den nye lokale grunnordninga. Denne prosessen vart sett i gang i 2011 og leia av Olav Martin Hove. Det vart utarbeidd ei godkjend grunnordning. Den har vore i bruk frå 1.sundag i advent 2012. Grunnordninga vart gjennomgådd på nytt hausten 2014. Nokre justeringar vart framlagde. Prosessen vart avslutta med at kvart av dei 5 sokna godkjende den lokale grunnordninga på sine årsmøter vinteren 2015. I perioden visitasrapporten omfattar er det gudstenesteordninga godkjend av biskopen 15.mai 1997 som har vore gjeldande.

Samla tal på ordinære gudstenester

Kolonne1	Arnafjord	Vik	Vangsnes	Feios	Fresvik	SAMLA TAL
2002	14	32	15	14	16	91
2003	14	30	15	16	18	93
2004	14	27	15	17	17	90
2005	13	30	14	14	16	87
2006	17	26	14	15	17	89
2007	12	26	14	14	16	82
2008	11	30	13	13	14	81
2009	11	29	13	14	13	80
2010	12	29	13	13	12	79
2011	11	27	13	12	13	76
2012	12	26	11	14	11	74
2013	12	28	12	12	12	76
2014	12	28	12	11	14	77
2015	11	30	12	12	12	77

Talet på forordna gudstenester er redusert sidan førre visitas. I Arnafjord er talet redusert frå 14 til 11, i Vik 32 til 30, på Vangsnes 15 til 12, i Feios 14 til 12 og i Fresvik 16 til 12. Samla for heile Vik er talet på gudstenester redusert frå 93 i 2003 til 77 i 2015. I samsvar med grunnordninga skal det vera gudsteneste annankvar sundag i Vik kyrkje og ein gong i månaden i dei andre soknekyrkjene. Malen tilseier 28 gudstenester i Vik og 11 gudstenester i kvar av dei andre

sokna. I tillegg til desse forordna gudstenestene kjem gudstenester utanom sun- og helgedagar. I første del av perioden var det ein del song- og musikk gudstenester m.a. i middelalderkyrkjene. Dette har det vore lite av i siste del av perioden. Men i 2014 og 2015 har ein auka talet på nattverdsgudstenester på VBS og Bygdeheimen i Fresvik. Desse gudstenestene føregår begge stader ein onsdag pr. måned. Sjå diakonale tiltak.

Det totale talet på gudstenestedeltakarar

Kolonne1	ARNAFJOI	VIK	VANGSNE	FEIOS	FRESVIK	SAMLA
2002	498	4434	987	862	707	7488
2003	604	3676	1011	639	752	6682
2004	619	3655	1045	855	666	6840
2005	650	3885	813	663	672	6683
2006	971	3684	1237	823	838	7553
2007	429	3216	989	692	769	6095
2008	407	3147	867	861	463	5745
2009	402	3057	728	626	577	5390
2010	375	3706	820	710	473	6084
2011	298	3065	692	568	568	5191
2012	408	2785	548	616	417	4774
2013	353	3067	574	488	595	5077
2014	313	2768	640	493	418	4632
2015	404	3014	492	672	405	4987

«Vikafjellstemne» vert arrangert kvart år som samarbeid mellom Vossestrand og Vik. Det vert også arrangert «Sveastemne» på Fresvikåsen i samarbeid med Fresesarmeen i Vik.

I tillegg til dei ordinære gudstenestene, kjem barnehage- og skulegudstenester, gudstenester med ASVO-PUH og Ung Messe. I Vik har det vore skulegudsteneste i juni kvart år frå 2002-2008 med gjennomsnittleg 393 deltakarar. Der har vore skulegudsteneste kvart år rett før jul 2002-2015 med gjennomsnittleg 390 deltakarar. I Vik kyrkje har det vore barnehagegudsteneste nesten kvart år i desember. Gjennomsnittleg har det vore 90 deltakarar (born, personale og

nokre foreldre). I Feios kyrkje har det vore skulegudsteneste kvart år før jul med gjennomsnittleg 97 deltakarar. I Fresvik kyrkje har det vore skulegudstenester kvart år i perioden 2002-2012 med gjennomsnittleg 34 deltakarar. På Vangsnes og i Arnafjord har ofte presten vore invitert til skuleavslutninga før jul. Vi ser at i Vik er kyrkja sin kontakt med barnehage og skule god. Vi opplever at skulane og heimane etterspør skulegudstenester.

Konklusjon: Talet på ordinære gudstenester er sett ned. Difor har deltakartalet også gått ned. Men vi kan seia at frammøtet er stabilt.

5.2.2 Kyrkjelege handlingar

DÅP - Talet på døypte 2002-2015

Kolonne1	ARNAFJO	VIK	VANGSNE	FEIOS	FRESVIK	SAMLÅ
2002	2	26	6	5	2	41
2003	4	19	5	5	4	37
2004	2	23	5	5	3	38
2005	7	19	4	2	6	38
2006	2	26	3	3	3	37
2007	2	25	6	2	1	36
2008	3	23	2	3	0	31
2009	2	21	6	5	4	38
2010	3	18	4	3	3	31
2011	3	18	2	1	2	26
2012	2	18	3	1	0	24
2013	1	19	2	1	3	26
2014	1	14	4	4	1	24
2015	2	15	1	5	0	23
Gj.snitt	3	20	4	3	2	32

Statistikken viser gjennomsnittleg 32 dåp pr. år. Men vi registrerer ein markert ned-gang i talet på dåp frå 2011. Åra før dette er gjennomsnittleg dåpstal 36. Dei 5 siste åra er gjennomsnittet 25. Årsaka til dette er truleg lågare fødselstall. Av dei døypte er 62% heimehøyrande i Vik. Dei

resterande 38% er stort sett utflytte vikjer som kjem heim og har dåp i si heimekyrkje. I 2002-2015 er 4 døypt i løpet av konfirmanttida. Og det har i tillegg til konfirmantane vore dåp av 4 vaksne. Fordelt på sokna er gjennomsnittleg dåpstal pr år slik: Arnafjord 3, Vik 20, Vangsnes 4, Feios 3 og Fresvik 2.

NATTVERD

Ved førre bispevisitas drøfta visitasmeldinga nattverdsdeltaking som eit satsings-område.

Statistikken for dei 14 åra viser at nattverdstala for Arnafjord har hatt ein nedgang. For Vangsnes sin del er der ein liten oppgang. Når det gjeld Vik ligg gjennomsnittstalet på nattverdsgjester på 22. Dette er ein liten nedgang. I Feios har nattverdsdeltakinga vore jamt låg heile vegen. I Fresvik er den jamt

noko høgare. Det må nemnast at nattverd på VBS og Bygdaheimen er med å dra gjennomsnittet opp i Vik og Fresvik. Samla tal på nattverdsgjester har i 2002-2015 vore 733 pr. år.

Nattverdsdeltaking er framleis eit satsingsområde i Vik. Og det kan vera grunn til å undervisa og snakka meir om nattverden. Så er det ei utfordring på kva gudstenester ein skal tillysa nattverd.

Tal på nattverdsgjester og tal på gjester pr. gudsteneste med nattverd

Kolonne1	ARNAFJOI	VIK	VANGSNE	FEIOS	FRESVIK	SAMLA
2002	89 (7)	448 (15)	62 (10)	15 (4)	82 (7)	696
2003	99 (10)	501 (13)	118 (15)	19 (4)	77 (8)	814
2004	79 (13)	509 (15)	129 (16)	30 (4)	99 (9)	846
2005	85 (12)	630 (24)	107 (13)	21 (5)	70 (9)	913
2006	86 (12)	605 (26)	81 (13)	31 (5)	130 (12)	933
2007	75 (12)	603 (27)	67 (11)	21 (4)	105 (9)	871
2008	15 (5)	458 (23)	46 (11)	5 (3)	81 (10)	605
2009	43 (11)	591 (25)	36 (9)	25 (4)	75 (9)	770
2010	15 (5)	496 (27)	66 (17)	25 (6)	89 (9)	691
2011	16 (5)	354 (21)	55 (14)	46 (9)	66 (17)	537
2012	48 (16)	325 (19)	23 (8)	7 (4)	82 (12)	485
2013	30 (15)	502 (21)	49 (8)	25 (8)	50 (10)	656
2014	16 (4)	470 (22)	27 (9)	30 (8)	146 (12)	689
2015	10 (3)	556 (24)	28 (9)	24 (6)	136 (9)	754
Gj.snitt	9	22	12	5	10	733

KONFIRMASJON - Tal på konfirmantar 2002-2015

Kolonne1	ARNAFJOI	VIK	VANGSNE	FEIOS	FRESVIK	SAMLA
2002	2	34	8	6	3	53
2003	1	23	4	0	4	32
2004	2	20	6	3	2	33
2005	1	25	8	0	3	37
2006	2	29	8	4	4	47
2007	0	24	4	2	6	36
2008	2	20	3	5	0	30
2009	3	24	0	3	2	32
2010	0	29	6	4	0	39
2011	0	27	5	4	4	40
2012	0	23	3	2	2	30
2013	2	18	4	2	1	27
2014	1	15	7	1	1	25
2015	3	16	5	5	3	32
Gj.snitt	1	23	5	3	3	35

Konfirmasjonen står sterkt i Vik. Vi har ikkje oversikt over kor mange i kvart ungdomskull som ikkje vert konfirmert i Dnk. Men det er ikkje mange. Av utanlandske innflyttarar til kommunen vert ein og annan konfirmert i Den katolske kyrkja. Nokre høyrer til ein annan religion. Gjennomsnittleg tal på konfirmantar i perioden 2002-2015 har vore 35. Dei siste 4 åra har talet vore 28. Gjennomsnittleg tal på konfirmantar i dei 5 sokna er slik: Arnafjord 1, Vik 23, Vangsnes 5, Feios 3 og Fresvik 3. Feios og Fresvik har i mesteparten av perioden 2002-2015 hatt sitt eige konfirmantarbeid leia av presten med ansvar for desse kyrkjelydane. Tid og stad har gjerne vore i samband med arbeidet i dei kristne ungdomsklubbane begge stader. Dei 2-3 siste åra har

konfirmantarbeidet i Vik vore drive samla for alle soknene. Vi har hatt 2 grupper – 1 for Vangsnes, Feios og Fresvik og 1 for Arnafjord og Vik. Men vi har også hatt mange fellessamlingar for begge gruppene. Konfirmantarbeidet har vore drive av sokneprest og kyrkjelydssekretær. Så har det vore godt samarbeid med Balestrand om Ung Messe og Kick Off. Det har også vore vanleg å delta på Konfirmantnatt i Sogndal i vårsemesteret. Ved den årlege Fasteaksjonen er konfirmantar bøssebærarar. Timetalet for konfirmantarbeidet vart for nokre år sidan heva frå 45 timar til 60 timar. Dette har vore godt for konfirmantarbeidet. Men har ført til meir ressursbruk for prest og kyrkjelydssekretær.

VIGSLER - Tal på vigslar og forbøn for borgarleg inngått ekteskap

Kolonne1	ARNAFJOI	VIK	VANGSNE	FEIOS	FRESVIK	SAMLA
2002	0	12	1	1	0	14
2003	0	5	1	1	0	7
2004	0	4	1	0	1	6
2005	0	4	1	1	0	6
2006	0	4+1	0	1	0	5
2007	0	6	0	0	1	6
2008	1	4+1	0	0	2	7
2009	0	11+1	2	3	1	17
2010	0	3	0	1	1	5
2011	1	2	1	1	0	5
2012	0	3	0	0	2	5
2013	0	1+1	0	0	0	1
2014	0	2	1	0	1	4
2015	0	3+1	1	0	0	4
Samla	2	64+5	9	9	9	92+5

Talet på vigslar i kyrkjene i Vik ligg dei siste åra på 4 pr. år. Gjennomsnitt i heile perioden er 7. Det har vore 5 «Forbøn for borgarleg inngått ekteskap»

sidan 2002 (merka med raudt i statistikken). Siste åra har det ikkje vore hotelldrift i Vik. Difor gifter ein del seg andre stader.

INN- OG UTMELDING AV KYRKJA

I 2002-2015 er 14 innmelde i kyrkja og 24 utmelde av kyrkja.

Gjennomsnitt er 1 innmeld og 2 utmelde pr. år. Få melder overgang til anna livssynssamfunn.

GRAVFERDER

Tal på gravferder

Kolonne1	ARNAFJORD	VIK	VANGSNE	FEIOS	FRESVIK	SAMLA
2002	5	30	1	4	5	45
2003	7	27	0	3	6	43
2004	4	25	6	4	4	43
2005	4	23	0	5	7	39
2006	4	16	4	3	5	32
2007	4	23	3	5	3	38
2008	2	24	3	6	7	42
2009	5	18	3	5	7	38
2010	2	21	1	4	7	35
2011	7	18	1	4	6	36
2012	3	32	4	4	6	49
2013	4	27	2	1	6	40
2014	7	21	1	4	5	38
2015	4	22	3	5	3	37
Gj.snitt	4	24	2	4	6	40

Gravferdsstatistikken viser eit gjennomsnitt på 40 gravferder i året i Vik kommune. Talet ligg jamt høgt. Gjennomsnittleg for dei 5 sokna viser: Arnafjord 5, Vik 24, Vangsnes 2, Feios 4 og Fresvik 5. Kyrkjekontoret har god rutine i samband med dødsfall og gravferd. Alle tilsette strekkjer seg langt for å vera best mogeleg til hjelp i vanskelege situasjonar. Kyrkjevevja samordnar dei ulike tenestene. Det praktiske tek kyrkjetenarar seg av. Vik har i heile perioden hatt ordninga med gravferdsklokkar. I Vik sokn er det kyrkjelydssekretæren som har denne rolla. I dei andre sokna har diakonen hatt denne tenesta saman med nokre friviljuge som steppar inn. Ved nokre høve har diakonen også leia gravferder. Samarbeidet med Nummedal Gravferdsbyrå er godt og nært. Lokal blomsterbutikk er god å ha. I mange tilfelle har det vore ynskje

om bæreandakt og syning. Prest og diakon har delteke på desse – stundom også kyrkjelydssekretær og kyrkjevevje. Vi har ofte brukt Kyrkjestova eller Kyrkja i desse situasjonane. I andre tilfelle har bæreandaktane vore på VBS. Bårehuset har vore lite eigna til bæreandakter og syning. No står snart nytt bårehus ferdig til bruk. Framleis er det vanleg med minnesamvær etter gravferder. I mange tilfelle har prest og/eller diakon/ kyrkjelydssekretær delteke på desse. I det siste har mangel på personalressursar gjort at vi takkar nei meir enn før til deltaking på minnesamvær. Men vår erfaring er at minnesamvær er viktige å vera med på. Prest har alltid sorgsamtale med pårørande i god tid før gravferda. Ofte er sorgsamtalen i heimen. Kyrkjekontoret vert også i aukande grad nytta. Når det gjeld song og musikk ved gravferder merkar vi

ei gradvis endring. I nokre tilfelle ynskjer pårørande å bruka CD med musikk og song over høgtalar under gravferda i tillegg til salmar og orgelspel v/ organist.. Prestar og organistar merkar auka trong for rettleiing og merksemd i denne samanhengen.

5.2.3 Trusopplæring, undervisning og barne- og ungdomsarbeid

For tida er det mykje trusopplæring i dei 5 sokna i Vik kommune. Mange av tiltaka er knytt opp til gudstenester. Trusopplæringa har stor oppslutnad, og i mange av tiltaka er det over 100% av borna og ungdomane som deltek. Trufaste leiarar står på år etter år og foreldre/føresette set pris på arbeidet som vert gjort, og er flinke til å sende borna og ungdomane sine.

Førskulealder T0 – T6

Vi har ein del år delt ut CD til 3 åringane. I 2016 blir dette sannsynlegvis gjort annleis. Om det blir 2-års bok eller noko anna til 3-åringar er ikkje bestemt enno.

Utdeling av 4- og 6 års bok på gudstenester er tiltak med stor tradisjon og god oppslutnad i alle sokna. I Vik og eit par andre sokn har ein hatt samling også ein dag før gudstenesta. Det har vore positivt.

Formiddagstreffet i Vik er ein god samlingsstad for foreldre med små born. Det har vore i gang i over 25 år. Treffet er i form veldig likt « Babysong», men vi har med ein del born opp mot skulealder også. Dette tiltaket er - i tillegg til trusopplæring - ein viktig møteplass for foreldre, relasjonsbygging og integrering i bygdene våre.

Søndagsskule/ Kvardagsskular i Arnafjord , Fresvik /Feios, Vangsnes og Vik er veldrivne søndagsskular på kvardagar. Borna er frå ca. 3 -12 år. I Vik er det eiga gruppe for dei eldste borna.

Grunnskulealder T6 - T15

Tårnagentar

For 8-åringane har vi hatt tiltaket i alle sokna. I dei mindre sokna, har vi gjerne arrangementet sjeldnare – men då med fleire årskull (8-10).

Minikonfirmasjon og utdeling

av biblar til 11-åringar er eit undervisningsopplegg med 7 samlingar der det er om lag 100% oppslutnad. Tema for samlingane er bibel, bøn, dåp, nattverd og misjon. Her samarbeider vi med Balestrand og har felles samling.

KorBrrra er eit barnekor i Vik for born i 1.- 6. klasse, med song og musikk til glede for songarar og dei som høyrer på.

Ungdomsklubb i Feios og Fresvik for born i 5. – 10.klasse er eit godt eksempel på samarbeid mellom tilsette og sokneråd. Alle ungdomane i desse bygdene deltek, og sokneråda tek alt det praktiske ansvaret for klubbane. T12 På spor av Jesus - har vore gjennomført i desse klubbane.

Konfirmasjon. Stor oppslutnad i alle sokna. Felles Ung Messe for konfirmanntane i Balestrand og Vik nokre gonger i året er positivt for alle.

Vidaregåande T16 – T18 Ikkje noko arbeid for dei

Utfordringar, fornying og nye leiarar

Det er mange som gjer ein stor innsats som friviljug i kyrkjelydane

våre, men vi skulle ynskje at vi greidde rekruttere enno fleire leiarar og fylgje dei opp. Mange har gjort ei trufast teneste i ei årrekke. Vi kan her nemne at Ester Flæte i Fresvik i 2006 fekk Kongens fortjenestemedalje i sølv for engasjement i søndagsskulen i Fresvik.

Ungdomsarbeid

Vi skulle ynskje at vi fekk i gang arbeid igjen for større born og ungdomar i Vik.

Mange små sokn

I Vik fekk vi frå september 2004 prosjekt-stilling innan trusopplæring med 80 % i Vik og 20 % i Ytre Sogn Prosti. September 2011 vart stillinga redusert til 25 %, då tilskot frå staten vart rekna ut frå talet på borna i dei einstilte sokna.

Med få born og 5 sokn, er det klart at det er utfordrande å gje fullgode tilbod. Vi har derfor somme gongar slått saman fleire fassar, hatt eit fasetiltak for fleire årskull - eller i somme høve samla born frå fleire sokn til eit tiltak – til dømes ved Minikonfirmasjon.

5.2.4 Diakoni

Saman med diakoniutvalet har diakonen stått for ein årleg juletreffest på kyrkjestova. Her deltek mange lokale kulturkrefter frå lokalsamfunnet. Diakoniens dag har vorte gjennomført i kyrkjene saman med sokneprest. Diakonen har stått for kyrkjeringen - ei samling for kvinner - ein gong i månaden. Det er andakt, allsong, kaffistund og ikkje minst tid for samtale. Diakonen har også hatt samarbeid med fengselet. Diakonen har hatt godt samarbeid med kreftomsorga og avdeling for psykisk helse. Besøksteneste har sjølv sagt vore

ein viktig del av diakonen sitt arbeidet. Det gjeld institusjonane og besøk ute i bygda. Det har vore oppfølging av pårørande etter dødsfall, alvorleg sjuke og menneske i ulike livskriser. Vi har også hatt tilbod om sorggrupper. Det er andaktar, onsdagar, stort sett ein gong for veka på Vik Bygde og Sjukeheim (VBS). Fram til sommar 2014 var andaktsbesøka delt mellom diakon og prest. No er det dei to prestane - seniorprest og sokneprest - som deler institusjonstenesta seg i mellom. Frivillige har også einstilte andaktar. Bebuarane møter godt opp på daglegstova. Mange deltek også under nattverdsamlinga ein gong i månaden. Det er godt samarbeid med personalet, og prestane blir også kontakta når det gjeld besøk hjå enkeltpersonar. Friviljuge er med som pianistar på samlingane. På nattverd-samlingane er organisten med. Ein gong i månaden er det andakt med nattverd på Fresvik bygdeheim. Her er det om lag 10 bebuarar. Og det er nesten 100 % frammøte. Samlingane tek til med felles kaffi. Organisten er med på desse samlingane.

2-3 gonger i semesteret er presten på besøk på Velferdssenteret. Her er det bebuarar frå trygdebustadar og bygda elles som møter opp. Det er mykje song og musikk, og friviljuge er med som pianistar. Grunna den økonomiske stoda vart diakonistillinga teken bort i 2014. Dermed mista vi òg driftstilskotet frå Bjørgvin bispedøme. Det er merkbart i kyrkjelydsarbeidet at vi ikkje lenger har diakon. Det er merkbart på institusjonane, besøk på velferdssenteret, rombesøk på VBS, heimebesøk, diakoniens dag i kyrkjelydane, gudstenester for ASVO, diakoniutvalets aktivitet og ein av julefestane er borte. Vi har også mista ein

ressurs i konfirmantarbeidet og trusopplæringa, der diakonen var aktiv.

Prestane har teke på seg nokre av diakonen sine oppgåver. Det har òg nokre friviljuge gjort. Dette kan likevel ikkje erstatte ei fullverdig diakonstilling. Prestane har fått større arbeidsbør. Deler av diakonen sine tenesteoppgåver ligg no nede. Vi vil arbeide for å gjenopprette denne stillinga.

5.2.5 Misjon

Kyrkjelyden i Vik har som sitt misjonsprosjekt: «Landsbyutvikling på Madagaskar» Vi har regelmessige offer til dette arbeidet. Vi har kontakt med NMS. På denne måten er vi engasjert konkret i misjonsarbeid på Madagaskar. I tillegg er det 2 misjonsforeiningar i sving i Vik med faste samlingar på Kyrkjestova. I Feios er det også misjonsforeining på bedehuset der.

5.2.6 Kyrkjemusikalsk verksemd

I tidsrommet 2002 -2013 har det vore to organiststillingar i Vik kommune. Ei kantorstilling på 100% som omfattar sokna Vik, Arnafjord og Vangsnes og ei organiststilling på 25% som omfattande sokna Feios og Fresvik. Fram til 2010 var Geir Hydle organist i Feios og Fresvik. Kantorstillinga har hatt fleire tilsette i perioden. Fram til 2006 var Øivind Netland kantor i 100% stilling. Etter det var Håvard Skaadel og James Reed tilsette i stillinga. Frå august 2011 vart kantorstillinga omgjort til ei delt organiststilling fordelt på organistane Inger Marit Hove i 30% stilling og Lars Einar Bakketeig i 50% stilling. Sidan 2011 har det altså skjedd ein reduksjon i organistressursar frå 125% til 80%. I vakanseperiodane sidan 2002 er det hovudsakleg Inger Marit Hove som har vore organistvikar, men

også Geir Hydle og andre har gjort vikartenesta.

Frå 2002 til 2007 vart barnekoret leia av tilsette og frivillige Dei tre siste åra har barnekoret «KorBrrra» vorte leia av kyrkjelydspedagog Rut Solveig Nydal Netland saman med frivillige.

Så lenge det var tilsette i kantorstillinga var det eit aktivt kyrkjekor i Vik. Det var i to korte periodar også Ungdomskantori. Det var orgelresitasjonar før dei store høgtidene, konsertarrangement og musikkandaktar. Særleg sommar og haust var det musikkmesser i Hove kyrkje, retta både mot turistar og bygdefolk. Kyrkjekoret er framleis i drift ved store høgtider. Kyrkja har eit godt samarbeid med musikklivet i bygdene. Vik musikklag, skulekorps, Frelsesarmeen, Flatbygdi skule og kulturskulen deltek særleg ved høgtider og julekonsert. Mange andre songarar og musikarar i bygdene deltek i samarbeid med organistane.

Dei 5 kyrkjeorgela i kommunen er av vekslande kvalitet. Fleire av dei treng stemming. Det er også skaffa piano til kyrkjene, med unnatak av Arnafjord kyrkje. Eit lite transportabelt pipeorgel vert nytta ved gudstenester og konsertar i Hove Steinkyrkje. I vinterhalvåret står dette i Vik kyrkje.

5.2.7 Samarbeid med andre

Her vil vi nemna Frelsesarmeen. Dei har arbeidd i Vik i over 100 år. Dei har ein sterk posisjon i bygda og i kyrkjelydane. Dei får offer kvart år og dei deltek på mange gudstenester og samlingar kvart år. Særleg gjer dei teneste gjennom song- og vitnemål. Dei har sine eigne bønemøter, bibelstudium, innvandrarbeid og sosialt arbeid. Her fyller Frelsesarmeen eit behov. Dei driv åndeleg arbeid

gjennom grupper, større samlingar og gjennom kristen song- og vitneteneste.

Vi nemner også Vik Bibelsenter (pinsevenner) og Den katolske kyrkja. Vi har leigd ut Vik kyrkje og Vangsnes kyrkje til deira messer i periodar.

5.2.8 Fengselspresten si teneste i Vik fengsel

Vik fengsel vart bygt og teke i bruk i 1865. Det vart bygt som fengsel for Sogn og Fjordane fylke og hadde 14 celler. Soknepresten i Vik hadde også ansvar for tenesta i fengselet og vart tilkalla når nokon ynskte samtale med prest. Det gamle fengselet hadde stort sett innsette med dommar på inntil 60 dagar (i tillegg til varetektsinnsette).

I 2007 vart det bygt nytt fengsel med 28 lukka soningsplassar (i tillegg var det 4 plassar med lågare tryggleik i ei midlertidig brakke). I samband med at det nye fengselet vart teke i bruk vart det oppretta eiga stilling som fengselsprest. Olav Martin Hove vart tilsett i stillinga – i starten med 25% (i tillegg 25% prostiprest). Det viste seg snart

at 25% var for lite for å komme inn i miljøet og bli kjent med dei innsette. I tillegg fekk fengselet 11 soningsplassar på lågare tryggleik i det gamle fengselet frå 01.12.2008. Slik vart det til saman 39 innsette. Frå 20.08.2008 vart stillinga utvida til 50% (inkludert inntil 8 tenester i året i sokna i Vik). I byrjinga var det ca. ei gudsteneste i månaden på fengselet. I tillegg tok fengselspresten innsette med på gudstenester i Vik kyrkje. Eit rom i gamle-fengselet vart nytta til gudsteneste. Hausten 2009 vart det nye servicebygget på fengselet teke i bruk. I 3.høgda vart det innreia kapell/møterom godkjent for inntil 50 personar. Første gudstenesta i kapellet var 25. oktober 2009. Etter at kapellet vart teke i bruk har det til vanleg vore gudsteneste 2 søndagar i månaden med etterfølgjande kyrkjekaffi (utanom sommaren). Inger Marit Hove er med som organist og hjelper og til med kyrkjekaffien. Vi har og hatt ei «kyrkjevandring» med innsette til dei to middelalder-kyrkjene med avsluttande gudsteneste i Hove kyrkje.

Statistikk for tenesta ved Vik fengsel

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Gudstenester	18	21	18	18	22	20
Deltakarar	288	317	216	265	220*	221
Gudstenester m/nattv.	7	6	6	5	9	8
Tal nattv. gjester	42	38	33	48	54	50

*Ca. tal. (p.g.a. sjukmelding vart det ikkje sendt inn statistikk for 2014)

Nils Einar Berget var vikar for fengslepresten frå april – september 2015. I tillegg til gudstenestene i fengselskapellet, har Evangeliesenteret og Frelsesarmeen hatt arrangement for dei innsette. Soknediakonen og diakoniutvalet har hatt påskefest for dei innsette i påskehelga. Det har og vore arrangert konsertar og andre arrangement i samarbeid med visitorar frå Røde kors. Fengslepresten har mange samtalar med innsette. Dette har vore vanskeleg å talfeste, då mange av samtalanene skjer i møte med innsette, utan at det er avtala i forkant. Mange av samtalanene har og gått føre seg ved at presten har gått tur med innsette. Talet på cellebesøk/avtala samtalar ligg på ca. 260 i året. I tillegg har det vorte arrangert samtalegrupper.

Planar, strategi og mål

Det ligg føre planar om utviding av Vik fengsel med ein ny cellefløy med rom for 30 innsette på høgare tryggleik. Ut frå dei signala som er gjevne frå dei politiske partia på Stortinget, er det grunn til å rekne med at det kan bli byggestart hausten 2016 og at den nye fløyen kan takast i bruk på slutten av året 2017. Vik fengsel vil då til saman få 69 innsette. Det vil gjere trongen for presteneste i fengselet enno større og det kan bli aktuelt med utviding av stillinga. Fengselskapellet vil framleis dekke trongen for gudstenesterom og rom for samtalar/samtalegruppe. Sjølv om banda mellom Den norske kyrkja og staten vert svekka, vil det også i tida framover vere trong for kyrkja si teneste blant dei som er i fengsel. Eit stort fleirtal av dei innsette set pris på fengselspresten si teneste, det gjeld også dei som høyrer til andre kyrkjjesamfunn eller religionar.

6. KYRKJER OG KYRKJEGARDAR

Sjå rapport frå kyrkjevevje.

7. PLANAR, STRATEGI OG MÅL

7.1 Kyrkjelydane i Vik har utarbeidd fylgjande planar:

Plan for diakoni: Feios sokn har utarbeidd lokal plan for diakoni. Den er sendt inn til Bjørgvin bispedømme, som gjev respons på den i brev av i brev av 26.03.2010. Fresvik sokn har også utarbeidd lokal plan for diakoni. Men vi finn ikkje respons-brevet frå Bjørgvin bispedømme på denne. Vangsnes kyrkjelyd har likeeins sin lokale plan, med respons frå Bjørgvin bispedømme av 26.06.2012. Vik har sin lokale plan med respons frå Bjørgvin bispedømme av 26.06.2012. Arnafjord kyrkjelyd har ikkje utarbeidd lokal diakoniplan.

Trusopplæringsplan: Det ligg føre trusopplæringsplan for alle sokna i Vik. Sokneråda har vedteke desse. Desse planane ligg til grunn for trusopplæringsarbeidet i sokna. Vik har samarbeid med Balestrand når det gjeld kyrkjelydspedagogstillinga.

7.2 Utfordringar, mål og strategi

7.2.1 Utfordringar frå rapporten frå førre visitas.

I rapporten frå visitas i Vik 26.11 – 01.12 2002 vart det nemnt ei rekke utfordringar. Det er naturleg å sjå på kva som har vorte gjort med desse.

- «Auke gudstenestedeltakinga på vanlege søndagar – spesielt når det gjeld dei yngre. Gudstenestedeltakinga er halden bra oppe i soknene i Vik. Talet på familiegudstener er høgt. Vi har ofte innslag av barn/ ungdom i guds-tenestene (song/ barnekor, ministrantar,

lesing av tekst og bøner - samt musikk). Dette er med å halda deltakartalet oppe. Arbeidet med ny guds-tenesteordning og innføring av denne har puffa oss i positiv retning. Men deltakartalet på vanlege Høgmesser går ned. Kvifor?

- *Ein høgare prosent av dei som er i kyrkja bør kunne delta i nattverden.* I Vik er nattverd ved intinksjon mykje nytta siste åra. Dette har vore med å halda oppe talet på nattverdgjester. Dei siste åra er det berre sporadisk at vi har nattverd ved knefall. Trass i dette er det framleis mange som ikkje deltek.
- *Styrkje ungdomsarbeidet.* Ungdomsklubbane i Feios og Fresvik har vore i gang i heile perioden. Dette er svært positivt. I Vik har det vore ungdomsarbeid i gang på Kyrkjestova i deler av perioden. Før tida er aktiviteten liten.
- *Utarbeide ein skule-kyrkje-plan for alle sokn.* Dette vart gjort. Men den er ikkje fylgd opp. Likevel har tradisjonen med skulegudstenester før jul halde seg oppe både i Vik og i Feios. I første del av perioden har det vore slike gudstenester også i Fresvik. Desse har no falle bort. Klassebesøk i kyrkjer førekjem.
- *Utarbeide ein ny diakoniplan i samarbeid med Balestrand.* Det har vore arbeidd med slik plan. Den er fullført og vedteken. No er diakonstillinga avvikla. Arbeidet med å setje planen ut i live ligg nede.
- *Utvikle ein strategi for å rekruttere fleire friviljuge medarbeidarar.* Det har ikkje vore arbeidd konkret med slik strategi. Men friviljuge medarbeidarar har likevel vakse fram på fleire plan. Teneste i sokneråd fører til auka friviljug teneste. Men strategi og opplæring er det arbeidd lite

med.

- *Utvikle sokneråda til i større grad å leggje planar for og gjennomføre kyrkjelydsbyggjande arbeid.* Diakoniplanar og trusopplæringsplanar er utarbeidde.
- *Vidareutvikle prestetenestene innafor det etablerte prostisamarbeidet.* Vi høyrer no til nytt Sogn prosti.
- *Tilretteleggje arbeidstilhøva og arbeidsmiljøet for staben på ein god måte.* Vi har bra kontorlokaler i Kommunehuset i Vik. Dette fungerer tilfredsstillande. På IT-fronten treng vi hjelp til oppgradering, oppdatering og vidareopplæring. Vi treng at ressurspersonar på dette området kjem til kontoret og hjelper oss. Kyrkjestova er til stor hjelp for dei tilsette. Her er det samla mykje utstyr vi treng. Huset vert mykje brukt til komitémøter, rådsmøter, konfirmantarbeid, osb. Vik kyrkje står oppvarma heile året, og er øvingskyrkje for organistar og andre, konfirmantarbeidskyrkje og mykje brukt i trusopplæringsarbeidet.
- *Gjere eit budsjettarbeid som sikrar lokalkyrkja sin økonomi i komande år.* Sjå rapport frå kyrkjeverja.
- *Ta vare på det nære samarbeidet med Vik kommune.* Dette samarbeidet er godt. Vi opplever sam-lokalisering på Kommunehuset som svært positivt.

7.2.2 Mål for åra framover er:

- Å ta vare på og styrkja «folkekyrkja» i Vik. Det vil særleg seia å ta vare på gudstenestearbeidet og trusopplæringsarbeidet.
- Å halda oppe noverande gudstenestetale både i hovudsokn og i småsokna. Målet er større

frammøte og deltaking. Målet er at alle aldersgrupper skal oppleve kyrkja som sin heim. Betre inkludering av og tilrettelegging for born og unge. «Saman vil vi gjere Kristus kjend, trudd, elska og etterfylgd».

- At innflyttarar til bygdene våre skal møta utadretta kyrkjelydar med varm invitasjon til gudstenester og samlingar og til aktiv deltaking. Samstundes skal kyrkja ha respekt for alle med eit anna livssyn.
- At det kyrkjelege arbeidet får eit godt og utvida økonomisk fundament.

7.2.3 Strategi for åra framover:

- 1 Arbeide kontinuerleg for å ha gudstenester der folk får påfyll gjennom ord og sakrament, gjennom bøna og fellesskapen.
- 2 Utvikle kyrkjelydane med desse stikkorda: born/ unge, involvering, kvalitet, Bibel-nærleik, Jesus-fokus, omsorg, inkludering og hjelp til å leva som ein kristen.
- 3 Hjelpe menneske til å bruke Bibelen, i samband med ny bibelomsetjing og 200-årsjubileet for Bibelselskapet.
- 4 Arrangera «Kyrkjeveke» i kvart sokn etter fastsett turnus. Det skal vera 1 «Kyrkjeveke» pr. halvår i eitt av sokna. På 3 år får alle sokna si «Kyrkjeveke». Her kan det leggjast inn ulike element som t.d. «Tårnagent-samlingar», «Lys-vaken-gudsteneste», undervisning for vaksne, evangeliske møter, bibeltimar, barne-samlingar, Ung Messe, kyrkjefestival med ulike aktivitetar, friluftsgudsteneste, konsert, bibelkonkurransar og liknande. Budsjettet set kvart år av naudsynte midlar - saman med innsamla midlar i kvar

kyrkjelyd - til dette.

- 5 Arbeide for å halda oppe storleiken på presteressursane i kyrkjelydane og Vik fengsel.
- 6 Arbeide for å behalda dei stillingane vi har innan fellesrådsområdet, og helst auke stillingsprosenten for kyrkjelydspedagog.
- 7 Vi vil arbeide for å få attende diakonstillinga.
- 8 Ha ein struktur på konfirmantarbeidet som gjev store nok grupper og som er tilpassa personalressursane. Grunna geografi treng vi 2 grupper. Vi vil halda oppe «ministrant-tenesta» for konfirmantar.
- 9 Oppmuntra til og utvikla meir friviljug teneste ved gudstenester, kvardagsskule, barnekor, barne- og ungdomsarbeid, diakoni o.l. Leiarutvikling med høve for leiarar til å dra på kurs.
- 10 Leggja til rette for og inspirera til fast månadleg gjevarteneste via bank. Kontantar er snart ut. Det som vert samla inn, bør særleg gå til kyrkjelydens primær oppgåver – t.d. kyrkjelydspedagog/ trusopplærar.

8. SLUTTORD OG KONKLUSJON

Det kyrkjelege arbeidet i Vik fungerer stabilt. Kyrkjebygga våre er mange. Men dei ligg der folk bur. Kyrkjestova i Vik er eit tenleg bygg for kyrkjelydane. Det vert mykje nytta. Slik sett er vi godt rusta. Vi har nyleg takka av sokneråd og fellesråd som har gjort ei god teneste for kyrkja i Vik i 4 år. Kyrkjelydar og tilsette takkar dei alle! Nyvalde sokneråd er i gang med sitt arbeid. Vi ser at fleire yngre er valde inn i råda. Dette peikar framover. Råda har brei samansetting når det gjeld erfaring og kompetanse.

Vi ser at i perioden 2002 - 2015 har vi hatt ein reduksjon i lønna bemanning. I dag utgjer fast tilsette i fellesrådsområdet 3,6 årsverk + timelønna lokale kyrkjetenarar kunn for gudstenester. Vi har klokkar/gravferds-klokkar i Vik lagd inn i kyrkjelydssekretærstillinga. Organistressursar er redusert med 45%. Diakonstillinga er borte. Vi er glad for - og heilt avhengig av - dei stillingane som no er att. Fleire av dei tilsette nærmar seg pensjonsalder. Dei næraste åra vil ny-rekruttering vera viktig. Sidan førre visitas har vi fått ny omsetjing av Bibelen, liturgireform med nye gudstenesteordningar og

ny salmebok. Vi er glade for dette. Det er med å skapa glede over å lesa Bibelen, gudstenesteglede og songglede. Saman vil vi sleppa desse ressursane til i våre liv og lata dei prega oss.

Folk i kyrkjelydane er glade i kyrkja. Mange stiller opp med friviljug teneste og dugnad på mange område. Framover vil vi trengja enno meir av dette for å halda arbeidet oppe og gjera det tidsmessig og nært.

Så veit vi at «Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid.» Hebr 13,8.

*Jostein Skutlaberg - sokneprest
Sokneråda i Vik*

Rapport frå kyrkjevevja for perioden 2003–2015 i høve bispevisitas i Vik 2016

PERSONALE - VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjevevje	Sylvi Nummedal	100% stilling fram til august 2011. Vikar som gravferdsklokkar, andakt VBS og bæreandakt frå 2011.
	Ingvar Vangsnes	100% stilling frå september 2011.
Kyrkjelydssekretær	Kirsti Jelle Hopperstad	100 % Stilling i heile perioden. Sekretærfunksjon på kontoret, klokkarfunksjon i Vik kyrkje under gudstenester og gravferder. Barne- og ungdomsarbeid. Ansvar for kyrkjelydsbladet og oppgåver for Kyrkjestova. Anna kyrkjelydsarbeid og vikar for kyrkjevevja.
Diakon	Gerd Landro - soknediakon	100% stilling fram til juni 2007. 20% av stillinga var lagt til Balestrand.
	Kjersti Brudvik - soknediakon	100% stilling frå februar 2008 til august 2014. 20% av stillinga var lagt til Balestrand. 20% vakant. Stillinga er ikkje erstatta.
Kyrkjelyds- pedagog	Lill G. Myklebust	100% frå september 2004 til juli 2007.
	Lill G. Myklebust Skaadel	100% frå juli 2007 til august 2009.
	Torill Lange	50% vikariat fram til sept. 2010. Tove S. Geithus og

		Kirsti J. Hopperstad dekka ca. 40% frå sept. 2009– aug. 2010
	Tore Brudvik	25% stilling frå sept. 2011 til juli 2013.
	Rut Solveig Nydal Netland	25% stilling frå august 2013.
Kyrkje- musikarar	Øivind Netland - kantor	100% stilling i Vik, Arnafjord og Vangsnes fram til 2006. Vakanse til sept. 2006.
	Håvard Skaadel – kantor	100% stilling i Vik, Arnafjord og Vangsnes frå sept. 2006 til august 2009. Vakanse fram til juli 2010.
	James Reed – kantor	100% i alle 5 sokna frå juli 2010 til desember 2010.
	Geir Hydle	25% stilling i Feios og Fresvik fram til juli 2010 (pensjonist). Vikarierar framleis.
	Inger Marit Hove	30% stilling i alle sokna frå august 2011.
	Lars Einar Bakketeig	50% stilling i alle sokna frå august 2011.
Kyrkje- tenarar	Vik Arnfinn Nummedal	100% stilling for Vik og Vangsnes fram til 2006. 50% fram til 2011.
	Ragnar Hove	Kyrkjetenar/vikar (timebasert) i fleire sokn.
	Jonathan Nahayo	Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeider (timebasert) frå 2007 (fleire sokn)
	Nils Kvamme	80 % Hovudkyrkjetenar frå 2011 for alle sokn i Vik kommune. Ansvaret gjeld kyrkjene og gravplassane. Ansvar for alle gravferder.
	Vangsnes Aslaug Tjønn Rinde	6% reinhaldar fram til 2011.
	Arnafjord Nils Kvamme	30% stilling fram til 2008. Frå 2008 ansvarleg for graving i alle sokn fram til 2011.
	Feios Jon Ove Borlaug	20% stilling fram til mai 2006 og 15% fram august 2011.
	Margit Øvstedal	(Fast vikar fram 2012).
	Fresvik Marta Stokkenes Inge Øyri	16% stilling fram til desember 2012 Kyrkjegardsarbeid (timebasert) til 2011.
	Henk van Nierop	Kyrkjetenar (timebasert) frå 2012

Tove Geithus

Vikar for kyrkjelydssekretær, trus-
opplærar, konfirmandundervisning
m.m. frå des.2007.

I alle sokna stiller sokneråda med kyrkjevertar under gudstenestene.

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD 2015 -2019.

Medlemmar denne perioden.

Leiar	Ingunn Bjørk Refsdal	Vik sokneråd
Nest leiar	Laila Sunde	Vangsnes sokneråd
Medlem	Nann Ingunn Simlenes	Fresvik sokneråd
Medlem	Leif Eikeland	Feios sokneråd
Medlem	Ola Engum	Arnafjord sokneråd
Medlem	Jostein Skutlaberg	Sokneprest for alle sokna
Medlem	Olav Turvoll	Ordførar i Vik kommune

STATUS FOR KYRKJENE OG GRAVPLASSANE – STØRRE TILTAK OG PLANAR FRAMOVER.

Vik kyrkje:

Kyrkja vart termografert i 2007. På grunn av større musikkarrangement i 2007 fjerna ein tre benker fremst i kyrkja. Benkene kan setjast tilbake ved høve. I 2009 vart orgelet i kyrkja reparert. I budsjettet for 2016 er det sett av midlar til gjennomgang av orgelet, det gjeld spesielt stemming. I 2014 vart lydanlegget i kyrkja grundig sjekka og det vart kjøpt nye mikrofonar. Det har også vore ein lekkasje på taket i kyrkja, den jobbar vi med å få i lokalisert og tetta. Kyrkja er planlagt måla i 2016.

Gravplassane i Vik:

Sikring av alle gravminner fullført i 2003. I 2011 vart det lagt varmekabel i vassrøyra på gravplassen. Vik kommune har kjøpt inn nødvendig sikringsutstyr til bruk ved opning av graver og det vart også kjøpt inn nytt seinkeapparat. Dette er utstyr som blir brukt på alle gravplassane. Resten av bjørketrea vart fjerna frå gravplassen i 2012. Det er ikkje planta nye tre. På gravplassen på Hopperstad har riksantikvaren beskåre den store blodbøken så han ikkje lenger er ein fare for

kyrkja. Fellesrådet må i samråd med riksantikvaren bestemme om blodbøken skal fellast.

Arnafjord kyrkje:

Fekk nytt lydanlegg i 2004. Kyrkja fekk nye benkeputer i 2005. Kyrkja vart termografert i 2007. Det vart montert lynvern på kyrkja i 2009. I 2015 vart kyrkja måla og det vart skifta mange ruter som var sprukne. Kostnaden vart dekkja av soknerådet.

Gravplass: Sikring av alle gravminner vart fullført i 2003. Bygde nytt reiskapshus i 2003. Utvendig gjerde vart reparert og måla i 2015.

Vangsnes kyrkje:

Hovudtrappa vart bygd ny i 2005. I 2006 vart det kjøpt inn nytt piano til kyrkja. Kyrkja vart termografert i 2007. Hovuddørene til kyrkja vart laga nye i 2013. Vik fengsel v/Edvin Skjerven (leiar for treverkstaden) tok på seg å laga nye dører då dei gamle dørene var så dårlege at dei ikkje let seg reparera. Dørene var lik dei gamle og sparde fellesrådet for mange kroner.

Gravplass: Montert ny oppslagstavle. Etter søknad frå soknerådet vedtok fellesrådet å fjerna alle dei store trea på gravplassen i 2014. Arbeidet vart utført av tilsette i fellesrådet.

Feios kyrkje:

Fekk nytt piano i 2004. Kyrkja fekk nytt lydanlegg i 2005. Kyrkja vart termografert i 2007. I 2010 vart taket på kyrkja sjekka og nødvendig reparasjon utført. Soknerådet har vore flinke til å vedlikehalda kyrkja utvendig. Alt arbeid har vore utført på dugnad.

Gravplass: Gamle kyrkjegarden vart godkjent for bruk etter grunnundersøkingar i 2003. Før gravplassen vart teken i bruk fekk ein teikna nytt gravkart. Reiskapshus/bårehus vart reparert og måla oppatt i 2005. Deler av muren rundt gamle gravplassen vart teken att og retta oppatt i 2011. På den nye gravplassen har bjørketrea mot fylkesvegen vorte rydda vekk.

Fresvik kyrkje:

Kjøpt inn nytt piano i 2004. Tårnet vart reparert i 2007/2008. Kyrkja vart termografert i 2007. Orgelet reparert same året. To benker bakarst i kyrkja vart fjerna med løyve frå bispedømerådet for å arrangera kyrkjekaffi og aktivisera borna. I 2008 vart tårnet på kyrkja reparert. I 2012 starta ein med vedlikehald av kyrkja; måling av heile kyrkja og ny universell tilkomst. Det står att noko flislegging på tilkomstvegen og noko snikkararbeid i kyrkja.

Gravplass: Utrasa steinmur på gravplassen vart retta oppatt i 2014. Dette året vart det også sett opp nytt gjerde (stiklagard) mot vegen. I 2016 skal det monterast to-fløya dør i bårerommet, noko

som vil lette tilkomsten med inn/utbæring av kister. Uthuset vart måla oppatt i 2014.

Generel omtale av kyrkjene:

Grunna økonomien til kommunen (Terra kommune) har det vore lite med midlar til vedlikehald i mange år. Dette gjeld ikkje meir for oss enn for dei andre etatane. På budsjettet for 2016 har vi fått midlar til vedlikehald (utvendig) av dei to kyrkjene som treng det mest. Håpar at vi får utført størstedelen i 2016.

Når det gjeld brannsikring så er alle kyrkjene utan brannvarsling. Dette vert ein stor kostnad dersom det skal monterast i alle kyrkjene. All oppvarming skjer ved gamle røyromnar som ikkje er sikra med gitter. Kyrkja i Vik er mykje brukt, samstundes er den øvingskyrkje for organistane, så der står det på grunnvarme heile tida. I dei andre kyrkjene er varmen slått heilt av. Siste branninspeksjon hadde me i 2011. I nokre kyrkjer er det ikkje tilrettelagt for plassering av rullestolar. Skal ein få til gode løysingar må det fjernast benker. Rullestol tilkomst er det no i alle kyrkjer, men mange av dei nye rullestolane krev meir plass slik at tilkomsten kan bli i minste laget. Ved større arrangement / gravferder stiller vi med fleire kyrkjjetenarar (kyrkjevertar) grunna sikkerheita ved evt. evakuering m.m.

Generelt om gravplassane: Vik fellesråd driftar 7 gravplassar. Sokneråda arrangerer årleg dugnad på gravplassane med godt oppmøte. Dette gjer at det vert mindre vedlikehald for kyrkjjetenaren. Årleg utfører vi velteprøve på alle gravminna for å sjekke at dei er forsvarleg festa. Ved dødsfall prøver vi å få dei pårørande til å bruke oppatt

familiegraver noko som gjer at behovet for å utvida gravplassane vert mindre. Vi fjernar ingen gravminne utan vurdering, og utan at vi har prøvd å finna pårørande. Alle gravplassane oppfyller lovkravet om minimum 3% ledig kapasitet. På gravplassane har vi sett opp kompostbingar slik at vi kunn har restavfallsdunkar som blir tømde av renovasjonsfirma. Dette sparar miljøet og fellesrådet for store utgifter. Ordninga fungerer godt.

Bårehus

I 2013 vart det bestemt av kommunen å renovere det gamle bårehuset. Kostnaden med å renovere det gamle ville verta nesten like store som å byggja nytt. Sommaren 2015 starta kommunen med nybygget. Det gamle bårehuset vert reiskapshus. Plasseringa av det nye bårehuset er betre både for dei som skal bruka huset, samt pårørande. Det nye bygget får eige stellerom med 4 kjøleceller. Bygget vert oppført som livssynsnøytralt bygg og kan nyttast av alle trussamfunn. Bygget er teikna av Fjorden Arkitektar. Staben, inkl. prestar har vore med på planlegginga av bygget. Kommunen oppfører bygget i eigen regi og det er planlagt ferdig våren 2016. Etter vår meining får vi eit praktisk bygg med god plassering m.o.t. tilkomst m.m.

Vik kyrkjekontor:

Den faste staben - inkl. dei to prestane - har kontor i kommunehuset. Dette er praktisk då vi har tilgang til alle felles hjelpemidlar som kopimaskiner, skrivarar, møterom m.m. Datamaskinene er kopla på kommunen (fylkeskommunen) sitt datanett og vi får all den hjelp vi treng. All datasikkerheit vert

også ivareteke av kommunen. Kontorlokala er renoverte siste åra, så vi er godt nøgde slik det fungerer i dag. Tenestetorget hjelper oss når vi er ute frå kontoret med telefon og besøkjande. Vi har god dialog med alle på kommunehuset og det er eit godt arbeidsmiljø. Det er ingen ledige kontor då vi no har to prestar busette i Vik.

Økonomi:

I denne perioden har økonomien vore prega av kommunen sin økonomiske situasjon. Alle sektorane i kommunen har fått merka dette inkl. drifta av fellesrådet. Det har vore ein stor reduksjon i staben. I 2002 var det ca. 6,2 faste årsverk i dei fem sokna. I dag utgjer dei fast tilsette 3,6 årsverk + lokale kyrkjetenarar (berre ved gudstenester) som er timelønna. Nedgangen har vore på organist- og kyrkjetenarsida, samt bortfall av diakonen. Vik fellesråd har også prioritert ikkje-pålagde oppgåver som gravferdsklokkar. Det er i gravferder vi treffer mest folk, så det har vore eit prioritert område. Reduksjonen i faste årsverk har lagt større press på stillingar som er att og kan også merkast i reduserte lokale tenester.

Kyrkjestova:

Dette huset blir brukt av kyrkjekontoret til ulike arrangement utan at vi betalar leige for bygget. Kyrkjelydssekretæren bruker noko av arbeidstida til administrasjon og oppfølging. Vik sokneråd bruker også bygget til sine møter. Mange av båndandaktane har også vore i kyrkjestova, men no når nye bårehuset snart er ferdig, vil det bli teke i bruk.

Ingvar Vangsnes
kyrkjeverje



Kyndelsmessebasaren 2016

Basaren vart tradisjonen tru arrangert 30.jan. - laurdagen som er nærast Kyndelsmesse 2.febr. Veka før hadde vi førehandsal av lodd på bok på Coop Extra. Vi fekk ja og gevinst hjå alle butikkar og bedrifter vi spurde. Det er kjekt å møte slik positivitet. Takk til alle som har gjeve gevinstar - også privatpersonar!!! Stemninga var på topp når åregevinstane skulle få eigarar. Kormedlemane i KorBrrra delte ut . Før den varme og fine andakta som Olav Martin Hove heldt, fekk vi ei avdeling med frisk song frå KorBrrra - leia av Rut Solveig N. Netland/ Turid Brekke. Etter dette tok vi kaffipause. Gode kaker og hyggje rundt borda. Så var det tre nye rundar med åresal. Det går raskare med kr. 10.- pr år og det blir mindre å halde styr på. Etter hovudtrekninga kunne vi gå glade heim, nokre med gevinstar til seg sjølv eller som skulle leverast andre. Men uansett trur eg alle på ein måte var rikare; Vi har vore med og gjort ein forskjell for mange menneske som Det Norske Misjonsselskap



*Liv – trufast
loddskrivar*

*Takk for at
du tek ansvar
for trekninga
Osvald!*

Andakt heldt
Olav Martin

arbeider blant.
Viktig er også det sosiale
felleskapet som ein basar er i
bygda ; på tvers av generasjonar og
bygdelag.
Brutto kom det inn kr. 46.539.-
Når utgiftene er trekt frå, sender vi
kr. 43.756.- til NMS.

Flatbygdi kvinneforening/
Kyrkjestova Misjonslag.



Frisk song
med KorBrrra
(sjølv om
ein del ikkje
kunne vere
med denne
dagen)



30



Gevinstbord

HELSING FRÅ KYRKJA – REKNESKAPSOVERSIKT 2015

RESULTAT

UTGIFTER

Trykking m.m	37.532,25
Lysingar	1.341,00
Kristeleg press.ktr. ab. 2015	1.500,00
Porto	8.000,00

Sum utgifter 48.373,25

Sum 48.373,25

INNTEKTER

Bladpengar	28.750,00
Renteinntekter	1.908,52

Sum inntekter 30.658,52

Underskot 17.714,73

Sum 48.373,25

BALANSE

AKTIVA

Bankkonto,brukskonto	48.404,90
Bankkonto,topprente	<u>110.094,56</u>
Sum bankinnskot	158.499,46

Sum 158.499,46

PASSIVA

Eigenkapital 01012015	176.214,19
-underskot 2015	<u>-17.714,73</u>
Eigenkapital 31122015	158.499,46

Sum 158.499,46

Vik i Sogn, 31122015
01022016


Sylvi Nummedal
-kasserar-


Olav Håkon Refsdal
-revisor-

Nytt frå kyrkjeverja:

Planar for 2016.

I budsjettet som vart godkjent av kommunestyre i desembermøte er det avsett midlar til vedlikehald av kyrkjene. På fellesrådsmøte 08. februar vart følgjande prioritert.

Måling av Vik kyrkje.

Utbetre råte-skader på vindauga og evtnt. skifte av kledning på versida samt måling av kyrkja på Vang-snes.

Ny varmekolbe og vask i Feios kyrkje.

Reparere og stemme orgelet i Vik (NB! Håpar å få det gjort før visitasen).

Hopperstad gravplass:

Som mange har lese om i Sogn avis i haust måtte ein kutte deler av ei

stor grein på blodbøken grunna fare for stavkyrkja. Fellesrådet har ikkje fatta vedtak på hva dei vil gjera med treet. Dersom bøken skal fellast krev det godkjenning av riksantikvaren.

Nytt Bårehus i Vik.

Kommunen nærmar seg fullføring av det nye bårehus ved gravplassen & kyrkja i Vik. Kyrkjekontoret inkl. prestane har vore med på planlegginga og vi meiner vi får eit tenleg bårehus. Det nye bårehuset vil få 4 kjøleceller, stellerom samt andaktsrom. Bårehuset er planlagt ferdig til våren. Det gamle bårehuset vert reiskapshus. Større reportasje i bladet når bårehuset er ferdig og klar for bruk.

Ta vel i mot konfirmantane som er bøsseberarar for Fasteaksjonen!
Er du ikkje heime og får gjeve, kan du gjere det på følgjande måtar:

FASTEAKSJONEN 2016
13.-15. MARS

Send **GAVE** på
sms til **2426** (200 kr)
eller benytt
kontonummer
1594 22 87493



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Døyppte:

Vik:

- 29.11.15. Hailey Maria Salbu,
Vettre
31.12.15. Hedda Ese Lunde, Rådal
17.01.16. Madelen Eik Midlang

Døde:

Vik:

- 11.12.15. Arne Tryti f. 1924
21.12.15. Gerd Skagen f. 1940

Fresvik:

- 05.01.16. Hans Dahl Hov f. 1945

Meldingar:

Årsmøte Vik kyrkjelyd

Det blir årsmøte på Kyrkjestova
mandag 7.mars kl.19.00
Vanlege årsmøtesaker.
Alle velkomne!

BESØK I VIK KYRKJE

Palmesøndag 20.mars kl. 11.00 får
vi i Vik besøk av misjons-konsulent
Ingvald Frøyen. Vik kyrkjelyd har
gått inn ein misjonsavtale med Det
Norske Misjonsselskap.
Vi støttar landsbyutvikling på
Madagaskar. Frøyen vil informere
om prosjektet.
Han er svært inspirerende og vi
vonar mange finn vegen til kyrkja
denne dagen!

Bladpengar – Helsing frå kyrkja»

Som de ser av rekneskapsoppsettet
går drifta av «Helsing frå kyrkja» i
underskot i 2015. Dette fordi vi har
lagt om rutina på når vi sender ut
giro.

Tidlegare la vi giro i 1. nr. av bladet
kvart år. I 2015 fekk de giro i
bladet som kom i desember.
Som de ser har mange allereie
betalt – har du mista giroen, er
kontonr. 3800. 30 11 558.

For dykk som bur i Vik kostar
bladet kr. 150.-. For utanbygds
blir det dyrare porto, vi har sett
bladpengane til kr. 200.-

Vi tek sjølv sagt med glede mot
gåver også. Takk for at de støttar
så mannjamt opp om bladet!

Kirsti Jelle Hopperstad - bladstyrar

GÅVE

Vik sokneråd takkar hjarteleg for
gåve til vedlikehald av Vik kyrkje.
som vart gjeve i høve Kari
Fjærestad sin 95 års dag!

Minnegåver

I høve gravferda til
Ragnhild Halrynjo
vart det gjeve minnegåve til Vik
kyrkje.

I *Arne Tryti* si gravferd vart det
gjeve minnegåver minnegåve til
Vik kyrkje.

Vi er svært takksame for gåvene!

Vik sokneråd.

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 415 91 913

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Ingvar Vangsnes
epost: ingvar.vangsnes@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 415 91 913
bustad 57 69 75 36
mobil 901 11 530

KONTORTID

tysdag - fredag
kl. 10.00 – 15.00

Sokneprest

Jostein Skutlaberg
epost: jostein.skutlaberg@vik.kommune.no

kontor 977 72 681
mobil 404 66 937

Seniorprest Ole Agnar Helland
e-post: ole.agnar.helland@vik.kommune.no

mobil 984 16 333

Kyrkjelydspedagog

Rut Solveig Netland
epost: klped@balestrand.kyrkja.no

mobil 906 32 698

Kyrkjelydssekretær

Kirsti Jelle Hopperstad
epost: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

mobil 911 01 653

onsdag og torsdag
kl. 10.00 – 15.00

Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnes

Jonathan Nahayo
Ragnar Hove

mobil 941 71 504
mobil 404 17 088

Kyrkjetenar i Arnafjord

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

mobil 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

Organistar

Lars Einar Bakketeig
epost: las1@hotmail.no
Inger Marit Hove
epost: inger.marit.hove@vik.kommune.no

mobil 995 34 138
bustad 57 67 83 34
mobil 915 27 569
bustad 57 69 59 59

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR

Vik:	Reidunn Bolstad,	905 33 581
Arnafjord:	Camilla Zweidorff Hove,	957 39 867
Vangsnes:	Erlend Hanekam,	416 34 981
Feios:	Rune Hjortland,	957 66 551
Fresvik:	Anita Høydal,	975 37 879

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Ingunn Bjørk Refsdal

tlf. 971 86 721

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal tlf. 918 85 770

Prestane sin beredskapstelefon 954 83 374 (utanom kvardagar kl.08-17)

VELKOMMEN TIL KYRKJE

6.mars , 4.s. i fastetida
Joh. 6,24-36

kl.10.00 Vik kyrkje
Visitagudsteneste v/ biskop Halvor Nordhaug, prost Kjetil Netland, sokneprest J. Skutlaberg m.fl. Prosjektkor og KorBrrra tek del. Takkoffer Nattverd Visitasmøte Kyrkjelunsj på Kyrkjestova.

13.mars, Maria bodskapsdag
Luk 1,39-45.

kl.11.00 Vangsnes kyrkje
Gudsteneste
v/ Kjell Sæter, Offer

20.mars, Palmesøndag
Joh 12,1-13

kl.11.00 Vik kyrkje
Gudsteneste
v/ O. A. Helland og Ingvald Frøyen, NMS. Offer: Misjonsprosjektet NMS

24.mars, Skjærtorsdag
Joh 13,1-17

kl.11.00 Vangsnes kyrkje
Gudsteneste
v/ J. Skutlaberg
Nattverd Offer

Kl.19.00 Arnafjord kyrkje
Gudsteneste
v/ J. Skutlaberg
Nattverd Offer

25.mars, Langfredag
Mark 14,26-15,37

kl.11.00 Feios kyrkje
Langfredagsgudsteneste
v/ J. Skutlaberg

kl.19.00 Vik kyrkje
Langfredagsgudsteneste
v/ J. Skutlaberg

27.mars, 1.påskedag
Joh 20,1-10

kl.11.00 Vik kyrkje
Høgtidsgudsteneste
v/ J. Skutlaberg
Nattverd Offer

kl.16.00 Fresvik kyrkje
Høgtidsgudsteneste
v/ J. Skutlaberg
Nattverd Offer

3.april, 2.s.i påsketida
Joh 20,24 -31

kl.11.00 Feios kyrkje
Gudsteneste
v/ J. Skutlaberg. Offer

Kl.16.00 Vangsnes kyrkje
Gudsteneste
v/ J. Skutlaberg. Offer

10.april, 3.s.i påsketida
Mark 6,30-44

kl.11.00 Vik kyrkje
Gudsteneste
v/ J. Skutlaberg og
R. S.N. Netland

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
 TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger
 BLADSTYRER : Kirsti Jelle Hopperstad
 KASSERAR : Sylvi Nummedal
 BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
 BANKGIRONR : 38003011558



VELKOMMEN TIL KYRKJE

		Avslutning med diplom, minikonfirmasjon. Offer. Kyrjekaffi.
15.april, fredag	kl. 19.30	Vik kyrkje Samtalegudsteneste v/ J. Skutlaberg og konfir- mantane i Arnafjord, Vangsnes, Feios, Fresvik og Vik.
17.april, 4.s.i påsketida Joh 14,1-11	kl. 11.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ J. Skutlaberg. Offer
24.april, 5.s.i påsketida Joh 17,6-11	kl. 11.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ O.A. Helland. Offer
7.mai, laurdag	kl. 11.00	Feios kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ J. Skutlaberg Offer
8.mai, Søndag før pinse Joh 16,12-15	kl. 11.00	Vangsnes kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ J. Skutlaberg. Offer
15.mai, Pinsedag Joh 14,23-29	kl. 11.00	Vik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ J. Skutlaberg. Offer
	kl. 11.00	Fresvik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ O.A. Helland. Offer

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

KYRKJESKYSS:

Vik: Ring 482 27 500 seinast ein time før gudstenesta eller Vik kyrjekontor 911 01 653 (innan fredag)
Vangsnes: Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981F
Feios: Ring leiar Rune Hjortland 957 66 551
Fresvik: Ring Nann Ingunn Simlenes 415 70 815
Arnafjord: Ring leiar Camilla Zweidorff Hove 957 39 867